



Møteprotokoll

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Scandic Ørnen, Lars Hillesgate 18, Bergen

Møtedato: 13.02.2019

Tid: 13:15 - 15:00

A. Disse møtte:

Faste medlemmar
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune Leiv Jarle Bergheim, varaordførar Aurland kommune Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune Trude Risnes, varaordførar Leikanger kommune Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune (til kl 1445) Forfall: Olav Turvoll, ordførar Vik kommune
Medlemmar
Karina Nerland, dagleg leiar Arne Johansen, rådmann Lærdal kommune

B. Innkalling godkjent utan merknader.

C. Protokoll frå møtet 7.12.2018 godkjent utan merknader.

D. Rådet deltok på arrangement og karrieremesse

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
1/19	19/446 Val av leiar i Sogn regionråd 2019
2/19	17/388 Vitensenter Sogn og Fjordane
3/19	18/2796 Prosjekt for fellesgodefinansiering - representant til styringsgruppa og søknad om prosjektstøtte
4/19	18/3307 Samarbeid om kommunepsykologar - midlar til arbeidet
5/19	19/447 Orienteringssaker Sogn regionråd

Sak 1/19
Val av leiar i Sogn regionråd 2019

Tilråding:

For 2019 vert

- --- vald som leiar i rådet
- --- vald som nestleiar i rådet.

Handsaming

Det kom framlegg om at Jan Geir Solheim held fram som leiar og at nestleiar vert Ivar Kvalen.

Vedtak:

For 2019 vert

- Jan Geir Solheim vald som leiar i rådet
- Ivar Kvalen vald som nestleiar i rådet.

Sak 2/19
Vitensenter Sogn og Fjordane

Tilråding:

Sogn regionråd tek ikkje stilling til søknad om investeringsstøtte før det er avklara om kommunane vil bidra til å sikre driftsøkonomien til Vitensenter Sogn og Fjordane. Drifta av Vitensenter Sogn og Fjordane er avhengig av rundt 3 mill. kr. årleg i offentleg bruk/tilskot.

Sogn regionråd tilrår kvar kommune å ta stilling til om kommunen vil inngå ein avtale med Vitensenter Sogn og Fjordane om årleg bruk/driftsstøtte på eit nivå som er i samsvar med denne saksframstillinga.

Handsaming

Etter drøfting i rådet kom det framlegg om endring i første setning, endring i andre avsnitt og tilføyning av nytt avsnitt slik:

Sogn regionråd ber kommunane om å avklare om dei vil bidra til å sikre driftsøkonomien til Vitensenter Sogn og Fjordane. Drifta av Vitensenter Sogn og Fjordane er avhengig av rundt 3 mill. kr. årleg i offentleg bruk/tilskot.

Sogn regionråd tilrår kvar kommune å ta stilling til om kommunen vil inngå ein avtale med Vitensenter Sogn og Fjordane om årleg bruk/driftsstøtte på eit nivå som er i samsvar med denne tabellen:

Grunnskule	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. klasse	Kostnadar i kjøp
-------------------	--------------------------------------	---------------------------------	------------------------	-------------------------

Sogndal kommune	2 dagar	76 dagar	1,7 dag pr. klasse	550.000
Luster kommune	1,25 dagar	47 dagar	1,3 dag pr. klasse	250.000
Leikanger	0,75 dag	28 dagar	1,4 dag pr. klasse	150.000
Lærdal kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100.000
Aurland kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100.000
Balestrand kommune	0,5 dag	19 dagar	1,7 dag pr. klasse	100.000
Høyanger kommune	0,5 dag	19 dagar	0,8 dag pr. klasse	100.000
Vik kommune	0,5 dag	19 dagar	1 dag pr. klasse	100.000
Årdal kommune	0,5 dag	19 dagar	0,7 dag pr. klasse	100.000
Andre kommunar	1 dag	38 dagar	Alle skular i fylket elles.	300.000
Sum kjøp grunnskule				2.050.000
Barnehage	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. barnehage i regionen	Kostnadar i kjøp
Barnehagar	1 dag	38 dagar	0,75 pr. barnehage (51 barnehagar i regionen, av desse 5 private)	200.000 (3900 pr. barnehage i snitt)
Vidaregåande opplæring	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnadar i kjøp
Årdal vgs, Sogndal vgs, Sygna vgs og Sogn jord- og hagebruksskule	1 dag	38 dagar		300.000
SFO	Tilgjengelege veker i ferie	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnadar i kjøp
SFO	5	50 dagar		250.000
SUM ALT OFFENTLEG KJØP				Kr. 2.600.000

Sogn regionråd føreset at Vitensenteret jobbar vidare, og kjem tilbake med ei løysing som sikrar transportstøtte eller utjamning av transportkostnader for kommunane som forpliktar seg til å kjøpe tenester frå Vitensenteret.

Vedtak:

Sogn regionråd ber kommunane om å avklare om dei vil bidra til å sikre driftsøkonomien til Vitensenter Sogn og Fjordane. Drifta av Vitensenter Sogn og Fjordane er avhengig av rundt 3 mill. kr. årleg i offentleg bruk/tilskot.

Sogn regionråd tilrår kvar kommune å ta stilling til om kommunen vil inngå ein avtale med Vitensenter Sogn og Fjordane om årleg bruk/driftsstøtte på eit nivå som er i samsvar med denne tabellen:

Grunnskule	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. klasse	Kostnadar i kjøp
Sogndal kommune	2 dagar	76 dagar	1,7 dag pr. klasse	550.000
Luster kommune	1,25 dagar	47 dagar	1,3 dag pr. klasse	250.000
Leikanger	0,75 dag	28 dagar	1,4 dag pr. klasse	150.000

Lærdal kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100.000
Aurland kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100.000
Balestrand kommune	0,5 dag	19 dagar	1,7 dag pr. klasse	100.000
Høyanger kommune	0,5 dag	19 dagar	0,8 dag pr. klasse	100.000
Vik kommune	0,5 dag	19 dagar	1 dag pr. klasse	100.000
Årdal kommune	0,5 dag	19 dagar	0,7 dag pr. klasse	100.000
Andre kommunar	1 dag	38 dagar	Alle skular i fylket elles.	300.000
Sum kjøp grunnskule				2.050.000
Barnehage	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. barnehage i regionen	Kostnader i kjøp
Barnehagar	1 dag	38 dagar	0,75 pr. barnehage (51 barnehagar i regionen, av desse 5 private)	200.000 (3900 pr. barnehage i snitt)
Vidaregåande opplæring	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnader i kjøp
Årdal vgs, Sogndal vgs, Sygna vgs og Sogn jord- og hagebruksskule	1 dag	38 dagar		300.000
SFO	Tilgjengelege veker i ferie	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnader i kjøp
SFO	5	50 dagar		250.000
SUM ALT OFFENTLEG KJØP				Kr. 2.600.000

Sogn regionråd føreset at Vitensenteret jobbar vidare, og kjem tilbake med ei løysing som sikrar transportstøtte eller utjamning av transportkostnader for kommunane som forpliktar seg til å kjøpte tenester frå Vitensenteret.

Sak 3/19
Prosjekt for fellesgodefinansiering - representant til styringsgruppa og søknad om prosjektstøtte

Tilråding:

Sogn regionråd sin representant til styringsgruppa for prosjekt fellesgodefinansiering vert vald ---

Sogn regionråd løyver kr 50 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 til Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap for prosjekt om fellesgodefinansiering.

Handsaming

Jan Geir Solheim gjekk frå som ugild. Ivar Kvalen leia møtet i saka. Det kom framlegg om at Harald N. Offerdal vert valt som representant til styringsgruppa. Sogn regionråd ber om at prosjektet vert samordna med arbeidet til Aurland kommune.

Vedtak:

Sogn regionråd sin representant til styringsgruppa for prosjekt fellesgodefinansiering vert vald Harald N. Offerdal.

Sogn regionråd løyver kr 50 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 til Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap for prosjekt om fellesgodefinansiering.

Sak 4/19
Samarbeid om kommunepsykologar - midlar til arbeidet**Tilråding:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane sluttar seg til tilrådingane i utarbeidd rapport som grunnlag for samarbeid om psykologtenestene. Arbeidet bør vidareførast som skissert i rapporten.

Sogn regionråd løyver inntil kr 150 000 av kontigent fondsmidlar til den regionale satsinga om psykologteneste.

Vedtak:

Sogn regionråd tilrår at kommunane sluttar seg til tilrådingane i utarbeidd rapport som grunnlag for samarbeid om psykologtenestene. Arbeidet bør vidareførast som skissert i rapporten.

Sogn regionråd løyver inntil kr 150 000 av kontigent fondsmidlar til den regionale satsinga om psykologteneste.

Sak 5/19
Orienteringssaker Sogn regionråd**1. Leiar**

- Møte om felles interesser med Hardangerrådet, kommunane Voss og Vaksdal og Sogn regionråd 9.1.2019 i Voss, jf notat. Sogn har mykje til felles med Hardanger og tettare samarbeid blir drøfta i samsvar med notatet.
- Dialogmøte med nye Vestland fylkeskommune i Voss 6.2.2019
- Erfaringsseminar med regionråda i nye Vestland fylke 15.2.2019 i Førde
- Arendalsveka – ordførarane set av veka.

2. Innspel frå medlemmane

- Nye Sogndal kommune: oppseiing av avtalane fordi nye Sogndal kommune blir ny forvaltningseining. Dei andre kommunane gav innspel om tidslinje for det vidare arbeidet grunna behov for avklaring knytta til budsjettet.
- Statlege arbeidsplassar: Nye Sogndal kommune legg strategi for det vidare arbeidet, særleg fokus på vegvesenet. Sogn regionråd vil bli invitert til å vera med.

3. Arbeidsgruppene

4. Rådmannsgruppa

- Arbeidsgjevarkontroll
- Veteranplan : nye Sogndal kommune kan gjera planarbeidet og kvar kommune peiker ut ein veterankontakt
- Samarbeid om kommunepsykolog
- Vitensenteret

5. Administrasjonen

- Bustadstrategi
 - i. Status i arbeidet – er igong med evalueringa, jf møtet i rådet juni 2018. Kommunane som er i gong med bustadpolitisk plan får bistand frå prosjektleiar innanfor dei avsette midlane til arbeidet.
 - ii. Bustadseminar 26. mars: Framtidas bustader langs Sognefjorden.
- Psykisk helse - modulundervisning ved barnehagane – ekstern ressurs: Det er avtalt at Frode Schanke Eikum gjennomfører undervisninga, jf midlane som vart sett av i fjor haust til den vidare satsinga.
- Seminar om integrering av innvandrara 11.3.2019: Sogn for alle – innvandrara som ressurs i lokalt samfunns- og næringsliv.

Skriv og meldingar. Refererte.

1. Referat frå møtet 9. januar og notat 31.1.2019 om samarbeid for Hardangerrådet, Sogn regionråd, kommunane Voss og Vaksdal
2. Referat frå møte i referansegruppa om klimatilpassing som miljøteknologisatsing, 8.1.2019
3. Oppseiing av avtale nye Sogndal kommune
4. Skjønsmidlar – endra prosess for tildeling, 4.12.2018
5. Erfaringsseminar om regionråda 15.2.2019 – program

Jan Geir Solheim
leiar

Ivar Kvalen

Jarle Aarvoll

Karina Nerland
dagleg leiar